



Saksframlegg

Økonomirapportering pr. 1. mai 2025 - Økonomi og stab

Utval	Utvalssak	Møtedato

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Bakgrunn for saka:

I fylgje økonomireglementet skal kommunedirektøren minst pr. 1. mai og 1. september legge fram politisk sak til hovudutvalet om den økonomiske situasjonen på kvar sektor. Hovudutvalet skal treffe nødvendige tiltak innfor sine rammer

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet

Sektoren er innanfor budsjetttramme på dei fleste områder.

Det ein ser har auka godt utover budsjetttramma er innanfor området med datadrift, lisensiering og digitalisering. I overgangen til VTDS har det blitt noko ekstrakostnader som ein er i ferd med å rydde opp i, spesielt innanfor lisensiering av ulike program.

Det er også stadig nye krav frå leverandørar og meir digitalisering internt som gjev ekstraavgifter. Sikkerhet er eit viktig tema og må prioriterast innanfor dette området, då ein dei seiste åra har erfart at kommunar som ikkje tek dette på alvor har vore utsett for dataangrep og ført til store kostnader.

Det er ekstraintekter utover budsjett på mottak av flyktningar. I år har vi motteke fleire i starten av året som gjer at vi får utbetalt for heile året på ein gong. Det er også søkt ekstratilskudd på fleire som ein forventar at vil bli innvilga, dette skal då gå til å dekke ekstraavgifter som kommunen har hatt. Her må ein nok justere rammene til ulike sektorar med desse ekstraintektene når ein har oversikt over kostnadane.

NAV Vest-Telemark melder i sin tertialrapport pr. 1. mai at Fyresdal ligg noko under budsjett.

Konklusjon:

Ekstraintekter på mottak av flyktningar og meiravgifter til IT-drift er avvika i budsjettet for 1. tertial på sektoren.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Formannskapet tek den økonomiske stoda pr. 01.05. i sektor økonomi og stab til vitande.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Kjersti Bergland
	økonomi og stabssjef